



Wenke Skudal presenterer dei produkta som selte best

Tovede hjerter og fargerike sitteunderlag var dei mest salsvennlige produkta som KV (tidlegare AFA) baud fram under den tradisjonelle salskafeen i andre høgda i dag. Dette seinhaustlege arrangementet har vorte ein sikker og populær tradisjon og det vart ein suksess også i år. Oppmodinga om å ta ein tur til Uskedalen i dag hadde gått heim hos mange i heile kommunen. Folk både frå Valen og Rosendal vart observerte, for å trekkja fram 2 døme. Det føreligg ikkje telling, men det var i alle fall ikkje færre der enn tidlegare år.

Fleire meinte også at utvalet av produkt var større enn i fjor. Blant dei kan også nemnast puter, filleryer og støvlekatter. Men det var også treprodukt som til dømes barnebenker.

Ein viktig del av dette arrangementet er den kulinariske med risengrynsgraut på topp og også dette året gjekk det med 25 liter.

Eit tredje viktig element dei 5 timane er det sosiale. Salskafeen er ei triveleg ramme for eit laurdagstreff med kjente og ukjente.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kva skal vi kjøpa i dag, undrar Tordis og Anne Gurine